

Lov for Todalen Idrettslag

Stifta: 22. oktober 1908.

Vedteken på årsmøtet 15. mars 2023.

§ 1 FORMÅL

Formålet til Todalen Idrettslag er å drive idrett, organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 ORGANISASJON

- Todalen Idrettslag er sjølvvegande og frittstående, med berre personlege medlemmar .
- Todalen Idrettslag er medlem i Norges Fotballforbund gjennom Nordmøre og Romsdal Fotballkrets, Norges Skiforbund gjennom Møre og Romsdal skikrets og Norges Friidrettsforbund gjennom Møre og Romsdal friidrettskrets. jf. [NIF si lov § 10-1 \(4\)](#).
- Todalen Idrettslag er medlem i NIF gjennom Møre og Romsdal Idrettskrets og er tilslutta Surnadal Idrettsråd, jf. [NIF si lov § 10-1 \(4\)](#).
- For reglar om representasjonsrett i og på vegne av Todalen Idrettslag, gjeld [NIF si lov § 10-3](#).
- For reglar om plikta Todalen Idrettslag har til å halde regelverket og vedtaka til overordna organisasjonsledd, gjeld [NIF si lov §§ 2-2 og 2-3](#).

§ 3 MEDLEMMER

- For reglar om opptak av medlemmer, utmelding, og å ta frå nokon medlemskap m.m., gjeld [NIF si lov §§ 10-4 og 10-6](#).
- For pliktar Todalen Idrettslag har til å registrere opplysningar i medlems- og organisasjonsregisteret til idretten, gjeld [NIF si lov § 10-5](#) og [Forskrift om idrettens medlems- og organisasjonsregister med idretten med utfyllande reglar](#).

§ 4 KJØNNSFORDELING

Todalen Idrettslag skal ha kjønnsfordeling i styre, undergrupper m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, etter reglane i [NIF si lov § 2-4](#).

§ 5 GENERELLE REGLAR OM STEMMERETT, KVALIFISERING TIL VAL, FORSLAGSRETT M.M.

- Ein person som har ei økonomisk særinteresse i drifta av Todalen Idrettslag, som overstig 1G i løpet av kalenderåret, er ikkje valbar til styret, jf. [NIF si lov § 2-7](#).
- For å ha stemmerett på Todalen Idrettslag sitt årsmøte, vere valbar på årsmøtet og kunne veljast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, må ein ha fylt 15 år i løpet av kalenderåret, vore medlem i Todalen Idrettslaget i minst ein måned og ha betalt

medlemskontingent, og ikkje ha andre uteståande fordringar til Todalen Idrettslag, jf. [NIF si lov § 2-5](#).

3. Eit medlem som er tilsett i eit idrettslag, har ikkje stemmerett på Todalen Idrettslag sitt årsmøte eller ekstraordinære årsmøte, jf. [NIF si lov §§ 2-5 og 2-6](#).
4. Ein tillitsvald i Todalen Idrettslag, kan ikkje samtidig, ha meir enn eitt verv av følgjande verv: medlem av styre, valkomité, kontrollutval eller revisor. Person med slikt verv kan ikkje møte på Todalen Idrettslag sitt årsmøte som representant for eit anna organisasjonsledd i Todalen Idrettslag, jf. [NIF si lov § 2-5](#).
5. Ein person kan ikkje ha styreverv i fleire idrettslag som deltek i same konkurranse. Tilsvarande gjeld andre tillitsverv som gjev høve til å påverke over den aktuelle konkurranseaktiviteten, eller tilgang på informasjon som kan nyttast til eitt av idrettslaga sin fordel, jf. [NIF si lov § 2-5](#).
6. Forslagsrett på årsmøte:
 - a. Eit medlem har forslagsrett på Todalen Idrettslag sitt årsmøte, jf. [NIF si lov § 2-5](#).
 - b. Styret i Todalen Idrettslag har forslagsrett på årsmøtet, jf. [NIF si lov § 2-5](#).
7. Talerett på årsmøte:
 - c. Revisor har talerett på årsmøtet til Todalen Idrettslag i saker som ligg innafor sitt verksemdsområde, jf. [NIF si lov § 2-5](#).
 - d. Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på årsmøtet til Todalen Idrettslag, jf. [NIF si lov § 2-5](#).
 - e. NIF sin generalsekretær, organisasjonssjef i idrettskrinsen og generalsekretærene i særforbunda, jf. [NIF si lov § 2-5](#).

§ 6 INHABILITET

Todalen Idrettslag følger reglane om inhabilitet i [NIF si lov § 2-8](#).

§ 7 VEDTAKSFØRLEIK, FLEIRTALSKRAV OG PROTOKOLL

Todalen Idrettslag følger reglane om vedtaksførleik, fleirtalskrav og protokoll, som gjeld i [NIF si lov § 2-9](#).

§ 8 REFUSJON AV UTGIFTER OG GODTGJERING

Todalen Idrettslag følger reglane om refusjon av utgifter og godtgjering, som gjeld i [NIF si lov § 2-10](#).

§ 9 REKNESKAP OG REVISJON M.M.

Todalen Idrettslag følger reglane om rekneskap og revisjon m.m., som gjeld [NIF si lov §§ 1-7, 2-11, 2-13 og 2-14](#).

§ 10 ÅRSMØTE OG EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ordinært og ekstraordinært årsmøte i Todalen Idrettslag følger reglane i [NIF si lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19 og 2-20](#)

1. Innkalling

- a. Årsmøtet er Todalen Idrettslag si høgaste myndigheit. Mellom årsmøta er det styret i laget som er har den høgste myndigheita, jf. [NIF si lov § 2-16](#).

- b. Årsmøtet skal gjennomførast seinast før utgangen av mars månad, og kan haldast fysisk, digitalt eller ein kombinasjon, jf. [NIF si lov § 2-16](#).
- c. Innkalling til årsmøtet skal kunngjerast for medlemmane, anten ved kunngjering i pressa, sosiale media eller plakat på offentleg stad, eller ein kombinasjon av desse, seinast ein månad før årsmøtet, jf. [NIF si lov § 2-16](#).
- d. Forslag som skal behandlast på årsmøtet, skal vere sendt skriftleg til styret i Todalen Idrettslag seinast to veker før årsmøtet, jf. [NIF si lov § 2-16](#).
- e. Fullstendig sakliste og saksdokument må vere tilgjengeleg for medlemmane i Todalen Idrettslag seinast ei veke før årsmøtet. Det må her opplysast om kvar medlemmene kan få tilgang til saklista og saksdokumenta, jf. [NIF si lov § 2-16](#).
- f. Er ikkje innkallinga til årsmøtet i samsvar med lovteksten punkt 1 - 5, avgjer årsmøtet om innkallinga og saklista kan godkjennast, og om det eventuelt er saker som ikkje kan behandlast på årsmøtet, jf. [NIF si lov § 2-16](#).

2. Vedtaksførheit og behandling av saker

- a. Årsmøtet i Todalen Idrettslag er vedtaksført med det talet på godkjente medlemmar som møter på årsmøtet og har stemmerett, jf. [NIF si lov § 2-17](#)
- b. Årsmøtet er vedtaksført dersom talet på medlemmer med stemmerett er minst det same som talet på styremedlemmer i samsvar med Todalen Idrettslag si lov, jf. [NIF si lov § 2-17](#)
- c. På Todalen Idrettslag sitt årsmøte kan saker om endring av lov eller andre regelendringar, kan ikkje behandlast, med mindre dei er sett på saklista. Andre saker, som ikkje står på saklista, kan behandlast dersom 2/3 av dei med stemmerett vedtek dette under godkjenninga av saklista, jf. [NIF si lov § 2-17](#)

3. Oppgåvene til årsmøtet

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Velje dirigent
3. Velje protokollfører
4. Velje to medlemmar til å skrive under protokollen
5. Godkjenne forretningsordenen, jf. [NIF sin forretningsorden](#)
6. Godkjenne innkallinga
7. Godkjenne saklista 8. Behandle årsmeldingane 9. Behandle:
 - a. Rekneskapen til Todalen Idrettslag
 - b. Økonomisk meldinga frå styret
 - c. Meldinga frå kontrollutvalet
10. Innkomne saker på saklista
11. Fastsetting av medlemskontingent for neste år. 12. Budsjett 13. Val:
 - a. Styre: Leiar, nestleiar, kasserar og sekretær,
 - b. Kontrollkomité: Leiar, medlem og varamedlem, jf. [NIF si lov § 2-12](#).
 - c. Val av utsendingar til årsmøtet i Surnadal Idrettsråd. Årsmøtet kan delegere dette til styret i Todalen Idrettslag.
 - d. Valkomité: Leiar, nestleiar og medlem, jf. [NIF si lov § 2-18](#).
 - e. Val av undergrupper og komitear samsvar med «Organisasjonsplan for Todalen Idrettslag»,

Alle val blir gjennomført i tråd med reglane i [NIF si lov § 2-21](#).

4. Ekstraordinært årsmøte

Styret, årsmøtet eller eit overordna organ kan krevje at det blir kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Frist for slik innkalling er to veker, og innkallinga må innehalde oversikt over kva sak(er) som skal

behandlast. Berre saker som er sett på saklista, kan behandlast på eit ekstraordinært årsmøte. Kunngjering etter reglane for ekstraordinært årsmøte, jf. [NIF si lov § 2-19](#).

§ 11 STYRET

1. Todalen Idrettslaget blir leia og forplikta av styret, som representerer idrettslaget eksternt.
2. Styret er den høgaste styresmakta i Todalen Idrettslaget mellom årsmøta, men visse avgjerder kan berre vedtakast av årsmøtet, jf. [NIF si lov §§ 2-22 og 10-3](#).
3. Forvaltninga av, og tilsynet med, alle delar av verksemda i Todalen Idrettslag, høyrer under styret. Styret skal sørgje for:
 - at formålet med idrettslaget blir oppfylt
 - at idrettslagsverksemda og økonomistyringa er forsvarleg organisert
 - at avgjerder fattast i samsvar med regelverket og vedtaket til overordna organisasjonsledd, lova til idrettslaget og årsmøtevedtaket
 - at det blir registrert opplysningar i samsvar med [NIF si lov § 3-2](#)
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for politiattestordninga, dersom idrettslaget organiserer idrett for mindreårige eller personar med utviklingshemming
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for barneidretten, dersom idrettslaget organiserer barneidrett.
4. Styret i Todalen Idrettslag kan utnemne komitear/utval for handtering av kontinuerlege eller enkeltstående oppgåver, og utarbeide mandat/instruks for desse.
5. Styret i Todalen Idrettslag skal utnemne representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
6. Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det, eller når minst to av styremedlemmene krev det.

§ 12 KONTROLLUTVAL, VALKOMITÉ OG ANDRE ÅRSMØTEVALDE ORGAN

1. For reglar om kontrollutvalet gjeld [NIF si lov § 2-12](#).
2. For reglar om valkomiteen gjeld [NIF si lov § 2-18](#). Valkomiteen arbeider i tråd med eigen instruks, som blir vedteken av Todalen Idrettslag sitt årsmøte.
3. Verksemda i undergruppene og driftsstyra er regulert i «Organisasjonsplan for Todalen Idrettslag», som blir vedteken av årsmøtet.

§ 13 GRUPPER

1. Årsmøtet i Todalen Idrettslag kan vedta å opprette og å legge ned grupper, og korleis dei skal organiserast og leiast. Dette blir vedteke i samband med den årlege behandlinga av «Organisasjonsplan for Todalen Idrettslag», jf. [NIF si lov § 10-1 \(4\)](#) Innmelding og utmelding av særforbund krev lovendring, jf. [NIF si lov § 2-2](#).
2. Dersom årsmøtet i Todalen Idrettslag ved behandlinga av «Organisasjonsplan for Todalen Idrettslag» har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgande:
 - a. Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemmer. Gruppestyret blir valt på årsmøtet eller blir utnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøtet.
 - b. Gruppa bør ha minst eitt årleg møte der gruppa diskuterer økonomien i og aktiviteten i gruppa, kjem med forslag på kandidatar til gruppestyret, forutan å komme med eventuelle innspel til saker som blir behandla av styret eller årsmøtet.
 - c. Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre årsmøtet har vedteke noko anna.

- d. Gruppestyret eller representantar for grupper kan ikkje inngå avtalar eller på annan måte forplikte Todalen Idrettslag, utan fullmakt frå hovudstyret.

§ 14 Lovendring

For lovendring gjeld [NIF si lov § 2-2](#).

§ 15 Oppløysing, utmelding osb.

1. Todalen Idrettslag kan vedta oppløysing
 - a. ved eit einstemmig vedtak om oppløysing på årsmøtet, eller
 - b. ved å vedta oppløysing med 2/3 fleirtal på to påfølgande årsmøte, der det etterfølgjande årsmøtet må haldast minimum tre månader, og maksimum seks månader seinare.

Ein føresetnad for eit gyldig vedtak om oppløysing er at Todalen Idrettslag skriftleg varslar Møre og Romsdal Idrettskrins og særforbunda der idrettslaget er medlem, seinast fjorten dagar før årsmøtet til idrettslaget behandlar forslaget om oppløysing.

2. Samanslutning med andre idrettslag blir ikkje rekna som oppløysing av Todalen Idrettslag. Vedtak om samanslutning eller utmelding frå særforbund, og nødvendige lovendringar i tilknytning til dette, må gjerast med 2/3 fleirtal av årsmøtet i Todalen Idrettslag.
3. For utmelding og tap av medlemskap i NIF, jf. [NIF si lov § 10-2](#).
4. Ved utmelding eller tap av medlemskap skal egedelane til Todalen Idrettslag, som er opparbeidde som ei direkte følge av medlemskapen til idrettslaget i NIF, gå til eit formål som er godkjent av Idrettsstyret. Ved oppløysing eller anna opphøyr av idrettslaget går overskytande midlar i laget etter avvikling til eit formål som er godkjent av idrettskr.